



## **Reglar for bruk av Chromebook/PC på skulane i Hå kommune**

### **Reglar for bruk av Chromebook/PC på skulen**

- Du skal ta godt vare på Chromebook/PC du får låna av skulen
- Chromebook/PC skal nyttast til skulearbeid
- Du loggar berre inn med ditt eige brukarnamn og passord på din eigen Chromebook/PC. Brukarnamnet og passordet held du skjult for andre
- Det er ikkje lov til å lagra eller lasta ned, oppbevara, dela eller kopiera materiale som bryt med reglar for opphavsrett eller andre norske lovar og forskrifter
- Du har heller ikkje lov til å lagre, laste ned eller synne upassande materiale
- Skulen sine ordensreglar gjeld og for bruk av Chromebook/PC. Brot på desse reglane vert rekna som brot på skulen sitt ordensreglement. Skulen kan utan forvarsel sletta materiale som bryt med reglane.

### **Reglar heime**

- Elevane har lov å ta med Chromebook/PC heim etter skuletid, i helger og i feriar viss foreldre/føresette har godkjend slik bruk (sjå baksida)
- Elevane skal lagra maskinen heime og ta den med på skulen ferdig opplada. Ladar skal til vanleg liggja heime
- Elevar har lov å kople maskinen til andre wifi-nettverk heime, men det kan ikkje skulen hjelpe med å få til
- Dei same reglane for Chromebook/PC heime som på skulen. Heime er det foreldre/føresette som har ansvar for å fylge dette opp
- Chromebook/PC skal fraktast i sekk eller liknande, og vera slått av under transport

### **Skadar**

- Av og til oppstår det problem med maskinen som ikkje er brukaren sin feil. Skulen vil hjelpe eleven med desse problema.
- Foreldre/føresette vil vera økonomisk ansvarleg for alle uhell, skadar eller tjuveri som skjer etter skuletid. Maksimalt erstatningsbeløp er kr 5000 jfr. skadeerstatningslova

## **Uhell eller ikkje?**

Uhell skjer. Det er derimot forskjell på eit hendeleg uhell, uforsiktig bruk og hærverk. Skulen vil avgjerda om ein øydelagd Chromebook/PCc er utsett for eit hendeleg uhell, uforsiktig bruk eller hærverk. Om det ikkje er eit hendeleg uhell må eleven dekkja utgifter til reparasjon eller byte av Chromebook/PC.

Med helsing

## **Stadfesting**

Me stadfestar med dette at me har lest vilkåra i dette skrivet. Denne avtalen gjeld heilt til skulen eller foreldre/føresette opphevar han.

Elev: \_\_\_\_\_

- JA Eleven kan ta med Chromebook/PC heim

Dato: \_\_\_\_\_

Foreldre/føresette: \_\_\_\_\_

